

---

Saksnr: 2020/1928-67  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		26.05.2020

**Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, endeleg godkjenning**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at det framlagde utkastet skal vera fylkeseldrerådet sin handlingsplan for valperioden 2019-2023.

Samandrag

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtok i rådsmøte 24.02.2020 at det skal utarbeidast ein handlingsplan for rådet for valperioden. Rådet har jobba med utkast til ein plan – eit arbeid som vart lagt fram på nytt i rådsmøte 28.04.2020. Med bakgrunn i dei innspel og merknader som kom fram i dette møtet, vert eit nytt planutkast no lagt fram i rådsmøte 26.05.2020 for endeleg godkjenning.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Hordaland hadde utarbeidd handlingsplanar for sitt arbeide i sist valperiode. Fylkeseldrerådet gjorde i rådsmøte 24.02.20 vedtak om at dei vil halde fram med det arbeidet i ny fylkeskommune. Sjølv om planane hadde noko ulik utforming, er innhaldet og tema i tidlegare planar omlag dei same.

Handlingsplanane vart presentert i rådsmøte 24. februar. Der avgjorde rådet at dei ynskjer å utarbeide ein ny plan med dei same tema som i førre planar. Den nye planen skal visa retning for rådsarbeidet i inneverande valperiode. Eit planutkast vart presentert i rådsmøte 28. april, og med bakgrunn i innspel og merknader som kom fram i det møtet er det no utarbeida eit nytt plandokument som skal fremjast for rådet til endeleg godkjenning.

### Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet kan vedta eigen plan for rådsarbeidet.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Rådet sine aktivitetar vert å dekke innanfor eige budsjett

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet vedtek at det framlagde utkastet skal vera fylkeseldrerådet sin handlingsplan for valperioden 2019-2023.